



# BRUBYGGING MELLOM TO SAMFUNN





**Illustrasjon som syner korleis brua skal sjå ut (Illustrasjon: Skanska)**



**ARBEIDSPASS:** Eit av to sjøtårn, der ein krysser brua i all slags ver for å byrje dagen på toppen.

# YTRE SULA, SOLUND:

**E**in kraftig bris jagar skumsprøyt over fjorden. På ei smal bru ti meter over bølgene vandrar betonarbeidar Lars Turlid med støvlar, verneutstyr og ei ro i blikket som berre kjem med erfaring. Framfor føtene hans møter tjue etasjar med klatring før han når toppen for å begynne dagen. Ein jobbkvardag som er med på å knyta saman det ytre og det indre. Eit prosjekt som har teke fleire tiår å få på plass, men som allereie har begynt å forandre kvardagen til folk i Solund.

*Tekst og bilete: Ragnhild Nyhammer*

**Ytre Steinsund bru** er det største samferdselsprosjektet Vestland fylkeskommune nokong har kunne gjennomført. Den knyter saman fastlandet i Solund med Ytre Sula, og kortar ikkje berre ned reisetid, men forkortar avstanden mellom liv, fritid og framtid.

Brua skal binde saman eit lite samfunn som til vanleg er omgitt av hav på alle kantar. På Ytre Sula bur det i dag hundre og tjue menneske. Med ei prislapp på over 1,2 milliardar kroner betyr det at brua i praksis kostar over ti millionar per innbyggjar.

– Andre plassar betaler folk for å trenar, her får vi betalt for å bli spreke, ler Lars Turlid, som saman med kollega Eirik Linjedal viser meg rundt på anleggsområdet.

I åtte år har Lars jobba i industrien, og fortel at det er ei mannsdominert verd og har berre møtt ei kvinne i heile karrieren. Arbeidsmiljøet er likevel tett og



kollegialt. Når han viser rundt, stoppar han opp og pratar med alle. Dei snakker om kva dei skal gjere når dei har fri, lager kallenamn på kvarandre og gir eit klapp på skuldra før det er vidare. Eirik peikar ut mot fjorden.

– Under stormen forsvann brua mellom land og tårnet på sjøen ned på havbotnen, seier han. Sjølv den mest solide konstruksjonen må gi etter for kreftene her ute.

**Helge Jostein Follevåg, prosjektleiar** for bruprojektet, veit kor mykje som står på spel. Han har ansvar for eit budsjett på over ein milliard kroner. Kvar månad går det med 35 til 40 millionar.

– Det er store pengar og eit stort ansvar. Her jobbar vi høgt over bakken eller langt under sjøen. Om









**PÅ TOPPEN:** I sjøtårnet 40meter opp i lufta, har dei sin arbeidskvardag

noko skjer, får det fatale konsekvensar, forklarar han.

Naturforholda har vore krevjande. Stormar, under-  
vassstraumar og lange vintrar har påverka framdrifta.

– Nokre dagar kjem ein seg rett og slett ikkje ut. Men  
det høyrer med, seier han.

Trass utfordringar held prosjektet seg stort sett til  
tidsplanen. Den offisielle fristen er desember 2026,  
men dei siktar på ferdigstilling i september same år.

**Ordførar i Solund, Gunn Åmdal Mongstad,** har  
vore ei sentral drivkraft. Ho har kjempa politisk, sendt  
brev, vore med i reguleringsplanarbeidet og brukt tida  
si i fylkestinget klokt.

– Eg har jobba slik ein ordførar bør gjera. Snakka  
med dei som bestemmer, og fått gjennomslag, seier  
ho.

Ho hugsar kor viktig det var å få søknaden om fer-  
jeavløysing sendt før nyttår 2017. Endringa i ferjeord-  
ninga gjorde at midlane elles ville blitt mykje mindre.

– Hadde vi ikkje vore raske då, hadde det nokk aldri  
blitt noko bru.

**For dei som jobbar på brua,** er kvardagen noko heilt  
anna enn ein vanleg åtte til fire jobb. Lars Berggård er  
produksjonsleiar, og vekslar mellom kontorarbeid og  
å vere ute på anlegget. Han bur i brakke saman med  
resten av mannskapet der dei har kokk og reinhald, og  
jobbar fjorten dagar på og fjorten dagar av.

– Eg trivst her ute sjølv om det er langt heim, det er  
nokk verst for dei som har ungar. Vi forstår kvarandre  
her. Om nokon har mykje på heimefronten,



**HJERNENE BAK:** Helge Jostein Follevåg (V) og Kenneth Teigen (H)



tek dei ei lang pause og kjem tilbake seinare, forklarar han.

Dei kjem frå heile landet, og som Lars, har nokon ti timars køy-ring for å komme til anlegget.

**Prosjektet har fått forureiningsløyve** frå Statsforvaltaren, og har sette krav. Dei har gardin i sjøen som fangar opp 95 % av utslepp, og turbulentmålere med alarm som stansar arbeidet om nivåa vert for høge.

– Vi sprengte under vatn med eigne prøvesprengingar, og tek all-tid omsyn til gytetid for fisken. Alt betongarbeid vert overvaka og restar resirkulert, seier Helge Jostein Follevåg.

– Vi deltek i kampanjen «Rein Sognefjord» og ryddar alle viker rundt anlegget. Det skal merkast at vi har vore her, men på ein god måte.

### **Helge, prosjetleiar, seier det best:**

– Det ungdommen gler seg mest til er å kunne sjå ein heil bygde-kino uten å måtte tenke på den siste ferja kl 21.

Sidan ferja stoppar så tidleg kan det bli vanskelig for bebuarane å vere med på både fest, bursdagsselskap og fotballtrening, men også foreldremøte og kveldsskift på sjukeheimen.

For brua handlar ikkje berre om asfalt og betong, men om men-neske.



**ORDFØRER:** Gunn Åmdal Mongstad



**KONTROLØRER:** Lars Turlid (V) og Eirik Linjedal (H)

### **FAKTA: YTRE STEINSUND BRU**

**Lengde:** 800 meter

**Kostnad:** Om lag 1.3 milliard kroner

**Byggherren:** Vestland fylkeskommune og Skanska

**Ferdigstilling:** Desember 2026

**Arbeidshøgde:** 9 meter under havet og 40 meter over

**Miljøtiltak:** Betongresirkulering, partikkelfangst i sjø, elektriske bilar, støykontroll, og rydding av nærliggjan-de viker

**Innbyggjarar på Ytre Sula:** 120

**Formål:** Knyte saman Ytre Sula og fast-landet i Solund kommune